



# SELJE KOMMUNE

## Kommunestyret

### Møtebok

**Møtedato:** 05.11.2014

**Møtetid:** Kl. 14:00 – 19:45

**Møtested:** Kommunehuset - 2. etg.

**Saknr.:** 057/14 - 067/14

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

TP: Ottar Nygård (ordfører), Gunnar Silden, Terje Ødegård, Judith Kvåle.

UAVH: Toril Sande

FRP: Svein Hansen, Anne Lise Drage, Marit Swensen, Ove Swensen.

KRF: Gunn V. Helgesen, Raymond Myren, Stein Robert Osdal.

H: Magny H. Myklebust, Kenneth Brandal.

AP: Per Egil Hellebust

SP: Gunn Sande

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

H: Eva Janne T. Årvik. Melding om forfall til møtet var gjeve.

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

H: Kjetil Vetrhus

TP: Åge Lundebrekke møtte i sak 067/14 for Toril Sande (UAVH), som vart vurdert inhabil.

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Økonomisjef Geir Kvisten, konst. kommunalsjef Helse og omsorg, Finn Ove Arnes.

Konst. rådmann Åse Elin Hole førte møteboka, med unntak av sak 067/14.

Ordfører førte møteboka i sak 067/14.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

Ingen

17 voterande

#### **Orientering:**

Sak 062/14 vart handsama før sak 061/14. Samrøystes godkjend av Kommunestyret.

Sak 067/14 vart handsama i lukka møte. Kommunelova §31.4

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
057/14	Godkjenning av møtebok
058/14	Referatsaker
059/14	Flyktningar - plan for busetting
060/14	Budsjett 2014 - Rapportering 2.tertial
061/14	Eigedomsskatt i Selje kommune
062/14	Budsjett 2015 - foreløpige tall
063/14	Nordfjord Havn IKS - Endring av vedtekter
064/14	Ytre Stad skule og barnehage - Overdraging til Ytre Stad grendalag
065/14	Breibandutbygging i Borgundvåg
066/14	Breiband - Søknad omdisponering av midlar
067/14	Tilsetjing av rådmann - 100% fast stilling

**Tilleggsaker:** Ingen

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:**\_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	05.11.2014	057/14

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 14/590
---	----------------------	-----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 22.10.14 vert godkjent slik den ligg føre.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
29.10.2014	Møtebok KS 22.10.14.pdf	60188

### **Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

### **KS-057/14 VEDTAK**

Møteboka frå møte 22.10.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	05.11.2014	058/14

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 14/589
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/4742	I	17.10.2014	Vest Kontrollutvalssekrete riat	Møtebok Kontrollutvalet 15.10.14
2	14/4849	U	23.10.2014	Helse Førde HF	Målbilete og modell for ambulansetenesta i Helse Førde 2015 - 2025 - UTTALE

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014

17 voterande

### Tilleggsreferat:

2.Ordførar: Målbilete og modell for ambulansetenesta i Helse Førde 2015-2025, dat.23.10.14.

3.Gunn Sande: NOMIL - avtale om slamhandtering v/Miljøservice.

**KS-058/14 VEDTAK**

1. Teke til vitande.

2. Teke til vitande.

3. Teke til vitande. Avtale sendast til Gunn Sande (representant i NOMIL)

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.10.2014	078/14
Kommunestyret	05.11.2014	059/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-F31, TI-&73	13/458

## Flyktningar - plan for busetting

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	13.05.2013	IMDI - Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	Oppmoding om busetting av flyktningar i 2014-2016
6	I	27.05.2014	IMDI	Oppmoding om busetting
8	U	01.10.2014	Integrerings og mangfaldsdirektoratet	Selje kommune - plan for busetting av flyktningar i perioden 2014 - 2016

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.09.2014	Integreringstilskudd_2014.pdf	59325

### Saka gjeld

1. Oppmoding frå IMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet) om å busetje flyktningar i 2014 og 2015
2. Oppfølging av referatsak 111/13 Referat nr 7. Brev frå Kommunal- og Regionaldep., Barne- Likestillings- og Inkluderingsdep.: Fleire flyktningar treng hjelp.

### Opplysningar til saka

IMDI oppmodar Selje kommune i brev dat. 27.05.2014 om å busetje 10 nykomne flyktningar årleg i 2014 og 2015 og planlegge for ytterlegare 10 flyktningar årleg for 2016 og 2017. Kommunen har tidlegare fått oppmoding om å busetje flyktningar. I referatsak 111/13 brev 7 vart det sett ned ei politisk/adm. Gruppe som skulle reie ut om Selje kommune har høve til å ta imot flyktningar. Ordførar og Raymond Myren vart valde som politiske representantar i gruppa. Dei adm. representantane vil variere etter kva tema gruppa arbeider med. I denne fasen har gruppa arbeidd med bustadar. Då har representantane vore sakshandsamar og Tenesteleiar eigedom.

Gruppa har hatt 2 møter.

Følgjande tema har vore vurdert:

### 1. Generell vurdering

Flykningar disponerer som regel ikkje eigen bil. Dei må då plasserast i rimeleg gangavstand til offentlege tenester som NAV, lege, helsestasjon, skule, butikk og liknande. Selje kommune har ikkje eigen vidaregåande skule. Dette gjev ei avgrensing i høve ungdomar.

Ein har difor valt berre å vurdere Selje krins som busetjingsområde. Ungdomar vil kunne nå Måløy vidaregåande skule med busstransport, men det er ikkje noko god løysing for nyttilflytte til kommunen. Å busette mindreårige vil krevje god tilgang på fosterheimar. Dette er ikkje førebudd i 2014, men kan vere eit alternativ for seinare.

### 2. Hus som er eigna til og klar for utleige i 2014

Eigedomsavdelinga har saman med Helse og omsorg vurdert dei kommunale utleigebustadane med omsyn til bebuarar, leigeavtalar, og kvalitet. Pr dato er der ein bustad klar for utleige. Med litt ominnreing vil ein kunne få til ein til. (Klokkarhagen)

På Finn.no var det i september 9 bueningar til sals i Selje. Kjøp av bustader er ikkje vurdert. Dette må i så fall handsamast som eiga sak

Sakshandsamar har hatt kontakt med ein utleigar som ser på dette prosjektet som interessant og kan leige ut ei buening.

### 3. Undervisning

Selje har avtale med Vågsøy kommune om norskundervisning til elevar med rett til dette. Flykningar har plikt til norskundervisning. Dette vil føre med seg at på grunn av transport må denne utførast her. Det vil kunne gi dei andre elevane (arbeidsinnvandrarar), eit betre og meir samanhengande tilbod.

### **Lover/regelverk**

Introduksjonsloven

Avtale mellom Regjeringa og KS om busetting av 10 000 flykningar (fornya 22.april 2014)

### **Finansiering**

Kommunar som buset flykningar får eit integreringstilskot pr. person på 177 000 kr (225 000 kr, einslege vaksne) 1. året 200 000 kr 2.året, 142 000 kr 3. året 80 000 kr 4. året og 70 000 kr 5. året. (Satsar for 2014) Tilskotet dekkjer utgiftene til busetting og integrering av flykningar busetjingsåret og 4 år fram. Detaljerte tilskotsreglar er vedlegg i saka.

### **Sakshandsamar si vurdering**

For å ta imot flykningar på ein god måte treng kommunen å styrke tenestetilbodet innan opplæring, helse, barnevern og sosiale tenester. Dette må vere i samsvar med dei behov som flyktingane måtte ha.

Ein vil difor tilrå å bygge desse tenestene gradvis.

På grunn av tilgangen på ledige hus er det ikkje realistisk å ta inn meir enn 2 «små» familiar i første omgang (2014). Det må så takast ei prinsippavgjerd korleis hus-spørsmålet skal løysast. Det er ved fleire høve peika på at kommunen manglar gjennomgangs- eller startbustader for folk som ynskjer å kome hit og busetje seg. Ein bør difor undersøke om leigemarknaden er slik den kjem fram i utlysingane og/ eller om det er muleg å kjøpe eller byggje/ ominnreie til føremålet. Det kan også vere aktuelt å samarbeide med private aktørar om dette.

## **Konklusjon**

Selje kommune kan klare å busette 2 små familiegrupper, inntil 6 – 7 flyktningar i 2014. Kommunen bør ha ein gjennomgang på bruk og tildelingspraksis i eigen bustadmasse. Det bør også utgreiast korleis kommunen skal imøtekomme behovet for fleire gjennomgangsbustadar. Her kan vere fleire løysingar: Kjøp av brukte bustadar, bygge nytt, samarbeide med private utbyggjarar eller kombinasjonar av desse.

Tenesteapparatet vert styrka opp etter behov. Avtale om norskopplæring i Vågsøy må seiast opp og undervisninga må etablerast i Selje.

Etter kvart som ein klarar å imøtekomme behovet for hus, vil ein kunne ta imot det forventa talet frå IMDI: 10 flyktningar i 2015 og planlegge for ytterlegare 10 i 2016 og 10 i 2017

## **Saksgang**

Formannskapet tilrår til kommunestyret som gjer vedtak

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune vil busette 2 små familiegrupper, inntil 6 – 7 flyktningar i 2014, 10 flyktningar i 2015 og planlegge for ytterlegare 10 for åra 2016 og 2017.

Kommunen seier opp avtalen om norskopplæring i Vågsøy og etablerer eigen undervisning i kommunen.

Administrasjonen greier ut korleis hus-spørsmålet kan løysast med omsyn til å skaffe fleire tilgjengelege bueiningar i perioden.

Bustadar til flyktningar skal innarbeidast i kommunen sin bustadsosiale handlingsplan.

## **Handsaming i Formannskapet - 16.10.2014**

7 voterande

## **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

## **FS-078/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

---

## **Tilleggsopplysningar:**

Formannskapet bad under si handsaming av saka om meir opplysningar om korleis flyktningsaka kan løysast på best muleg måte.

Etter møtet i Formannskapet har sakshandsamar vore på Flyktningssenteret i Stryn og sett korleis dei arbeider der, og på IMDI sin flyktningkonferanse i Bergen der det vart presentert gode døme på integrering og krav og forventningar til kommunane i flyktningarbeidet.

Sidan Selje kommune er i starfasen av dette arbeidet må tenesta byggjast opp i takt med tal flyktningar som vert busett.

Alle flyktningar mellom 18 og 55 år som har fått godkjent asyl eller opphaldsløyve og er busett i kommunen har rett og plikt til å ta del i eit 2-årig Introduksjonsprogram. Dette



programmet skal vere heilårleg og på full tid. Det vil seie at det føl arbeidslivet sine reglar for ferie og har ei ytre ramme for frammøte på 37,5 timar for veka.

Målsetjinga med programmet er: Gi grunnleggjande ferdigheiter i norsk. Gi grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv og Førebu for deltaking i yrkeslivet. Integreringstilskotet til kommunane skal dekke kostnadane med dette.

For å kunne arrangere opplæring i norsk, samfunnsfag for flyktningar og arbeidsinnvandrarar vil ein måtte trenge tilgjengeleg rom mellom klokka 0800 – 1530 kvar dag heile veka. Stryn og Vågsøy kommune har organisert dette i eigne vaksenopplæringscenter. Av eigne lokale har ikkje kommunen i dag rom som står klart til dette. Fylgjande alternativ har vore vurdert: Selje skule, det gamle kommunehuset og det nye kommunehuset. Det er i kalkylen teke høgde for leige av undervisningslokale Dette kan ein vurdere på nytt etter som behovet endrar seg.

Som eit integreringstiltak har Stryn nytta seg av språkpraksis i bedrift. Det vil seie at flyktningane ein dag for veka etter avtale med ulike bedrifter er ute på ulike arbeidsplassar og praktiserer norsk språk. Dette ser ut til å ha god effekt.

Lag og organisasjonar har også hatt eit engasjement som har ført til at flyktningane også har hatt eit fritidstilbod.

Dersom det vert gjort positivt vedtak i saka vil det vere viktig å kalle inn både næringslivet og frivillige til samtale om korleis ein best muleg kan ta vare på flyktningane og gjere integreringsperioden så kort som muleg.

#### **KOSTNADSKALKYLE**

På grunn av at vi ikkje har erfaringstal er det vanskeleg å gi ei eksakt kalkyle over kva dette prosjektet vil koste. Har difor teke utgangspunkt i 2 vaksne 4 barn i 2014, 4 vaksne 6 barn -15 og -16 og 3 vaksne 7 barn -17.

Integreringstilskotet er berekna ut ifrå satsane for 2014.

I Lønnskostnadane er rekna lærar i 100% stilling og Flyktningkonsulent i 60% stilling med sosiale kostnader.

Auka lønnskostnader er behovet for meir løn som måtte vere til leksehjelp, helsestasjon, lege, sosiale tenester og liknande.

Husleige/ opplæring er berekna å dekke prosjektet sitt behov for hus til undervisning.

Introduksjonsstønad er stønad som skal utbetalast til den enkelte for deltaking i introduksjonsprogrammet. (1/12G x 2 pr. månad)

Kommunen fekk utbetalt 560 000 kr i opplæringstilskot for 8 innvandrarar i 2014.

Mellomrekninga er ført opp under uforutsett. Ein kan i utgangspunktet ikkje rekne med at dette er overskot.

	2014	2015	2016	2017
Tal nye flyktningar for året	6	10	10	10
Integreringstilskot	1 062 000	2 970 000	4 625 600	5 676 000
Opplæringstilskot	600 000	700 000	900 000	1 000 000
Sum inntekt	1 662 000	3 670 000	5 525 600	6 676 000
Løner og sosiale kostnader	110 000	1 055 000	1 055 000	1 055 000
Til auka lønnskostnader		300 000	500 000	800 000
Adm. utgifter	5 000	40 000	40 000	40 000
Innbu	40 000	60 000	60 000	60 000
Introduksjonsstønad	137 500	1 800 000	3 400 000	4 000 000
Sosialstønad	5 000	40 000	50 000	50 000

Husleige/ opplæring	8 000	100 000	100 000	100 000
Uforutsett	20 000	275 000	320 600	371 000
Sum utg	325 500	3 670 000	5 525 600	6 676 000
Sum	1 336 500	0	0	0

Kalkylen vil vere usikker på grunn av at ein ikkje kjenner tidspunkt for tilflytting eller om det skulle dukke opp andre uforutsette ting som familiegjenforeining, endra tilskotsvilkår, flyktningar som flyttar til andre kommunar og liknande.

### **Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

#### **Framlegg frå FRP:**

Oppmoding frå IMDI om å busetje flyktningar kan ikkje på det noverande tidspunkt imøtekomast av Selje kommune.

#### **Røysting:**

Framlegg frå FRP fekk 4 røyster for og 13 røyster mot.

Framlegg frå Formannskapet fekk 13 røyster for og 4 røyster mot.

#### **KS-059/14 VEDTAK**

Selje kommune vil busetje 2 små familiegrupper, inntil 6 – 7 flyktningar i 2014, 10 flyktningar i 2015 og planlegge for ytterlegare 10 for åra 2016 og 2017.

Kommunen seier opp avtalen om norskopplæring i Vågsøy og etablerer eigen undervisning i kommunen.

Administrasjonen greier ut korleis hus-spørsmålet kan løysast med omsyn til å skaffe fleire tilgjengelege bueiningar i perioden.

Bustadar til flyktningar skal innarbeidast i kommunen sin bustadsosiale handlingsplan.

Utskrift til:

IMDI – Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Økonomisjef

Revisor



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.10.2014	081/14
Driftsutvalet	16.10.2014	039/14
Kommunestyret	05.11.2014	060/14

<b>Sakshandsamar</b> Geir Kvisten	<b>Arkiv</b> FE-150	<b>Arkivsak</b> 13/459
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

## Budsjett 2014 - Rapportering 2.tertial

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
33	I	29.10.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Skjønnsmidlar 2014 - midlar som ikkje tidlegare er fordelt

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.10.2014	Tertialrapport 2 tertial 2014.pdf	59693

### Saka gjeld

Rapport 2 tertial 2014 frå administrasjonen.

### Saksgang

Endeleg handsaming i Kommunestyret.

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret tar 2. tertialrapporten til orientering, med de tiltak administrasjonen har iverksatt. Følgende budsjettendringer foreslås:

1. Gjenværende midler på formannskapets reservepost, 972 500 kroner, benyttes for å dekke inn deler av merforbruket i 2014.
2. Underdekningen i investeringsregnskapet på totalt 1 046 546 kroner, dekkes inn ved bruk av ubrukte lånemidler.
3. Kommunestyret må vedta ny plan for inndeckning av akkumulert underskudd på 10,5 millioner kroner ifm. Med økonomiplanen 2015-2018.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 16.10.2014**

7 voterande

### **Framlegg frå FRP:**

Driftsutvalet tek orientering frå økonomisjefen – Rapportering 2. tertial til etterretning.

### **Røysting:**

Framlegg frå FRP fekk 3 røyster for.

Tilråding frå administrasjonen fekk 4 røyster for.

### **KU-039/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

## **Handsaming i Formannskapet - 16.10.2014**

7 voterande

### **Framlegg frå ordførar:**

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande endring:

Følgende budsjettendringer vedtas.

I pkt. 1: 972 500 endrast til 969 500

### **Røysting:**

Framlegg frå DU fekk 0 røyster for.

Framlegg frå ordførar fekk 7 røyster for. Samrøystes

### **FS-081/14 FRAMLEGG**

Kommunestyret tar 2. tertialrapporten til orientering, med de tiltak administrasjonen har iverksatt. Følgende budsjettendringer vedtas:

1. Gjenværende midler på formannskapets reservepost, 969 500 kroner, benyttes for å dekke inn deler av merforbruket i 2014.
2. Underdekningen i investeringsregnskapet på totalt 1 046 546 kroner, dekkes inn ved bruk av ubrukte lånemidler.
3. Kommunestyret må vedta ny plan for inndekning av akkumulert underskudd på 10,5 millioner kroner ifm. Med økonomiplanen 2015-2018.

## **Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

**Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

**KS-060/14 VEDTAK**

Kommunestyret tar 2. tertialrapporten til orientering, med de tiltak administrasjonen har iverksatt. Følgende budsjettendringer vedtas:

1. Gjenværende midler på formannskapets reservepost, 969 500 kroner, benyttes for å dekke inn deler av merforbruket i 2014.
2. Underdekningen i investeringsregnskapet på totalt 1 046 546 kroner, dekkes inn ved bruk av ubrukte lånemidler.
3. Kommunestyret må vedta ny plan for inndekning av akkumulert underskudd på 10,5 millioner kroner ifm. Med økonomiplanen 2015-2018.

Samrøystes.

Utskrift til:

Rådmann

Revisor



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.10.2014	083/14
Kommunestyret	05.11.2014	061/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Geir Kvisten	FE-232	14/450

## Eigedomsskatt i Selje kommune

### Saka gjeld

Med utgangspunkt i Selje kommune sin anstrengte økonomi, er administrasjonen av den oppfatning at eiendomsskatt bør innføres i kommunen. Ved ikke å benytte seg av de inntektsmulighetene kommunen har, vil man måtte kutte enda mer i det kommunale tjenestetilbudet, med de ulempene det vil medføre for kommunens innbyggere. Det er også verdt å nevne at i Sogn og Fjordane fylke er det, foruten Selje, kun en kommune som ikke har innført eiendomsskatt. Faren for at man vil oppleve en skatteflukt som følge av innføring av eiendomsskatt, synes derfor lite reell.

### Opplysninger til saka

Inntektene til kommunen er i all hovedsak bestemt av forhold utenfor kommunens kontroll, gjennom rammetilskudd fra staten og skatteinngangen, mens eventuell eiendomsskatt er et unntak fra dette. Det er kommunen selv, ved kommunestyret, som avgjør om kommunen skal ha eiendomsskatt, og dette hjemles gjennom lov om eiendomsskatt, av 6. juni 1975.

Det første året eiendomsskatt skrives ut i en kommune, må takstene være fastsatt, og skatten skrevet ut innen utgangen av juni måned. Loven angir minimum- og maksimumssatser for eiendomsskattesatsen. Skattesatsen skal ligge mellom 2 og 7 promille av formues grunnlaget for eiendommen, men skal være kun 2 promille det første året eiendomsskatt innføres i en kommune.

Etter at eiendomsskatt er innført kan skattesatsen ikke fra et år til et annet økes med mer enn 2 promille for bebygde eiendommer og 3 promille for ubebygde eiendommer.

Når det gjelder beregningen av det såkalte formues grunnlaget for boliger, har det nå blitt både enklere og billigere å innføre eiendomsskatt for kommunene. Tidligere måtte alle eiendommer takseres, men fra og med 2014 har Finansdepartementet åpnet for at kommunene kan få tilgang til skatteetatens formues grunnlag for bolig- fritidsboliger, og bruke dette for å beregne eiendomsskatten. Begrepet formues grunnlag tar sikte på å gi uttrykk for eiendommens antatte markedsverdi på verdsettelsestidspunktet. Dette må ikke forveksles med ligningsverdi, som er en kalkulert verdi basert på det samme formues grunnlaget. (Ca. 25% av formues grunnlaget).

### Obligatorisk reduksjonsfaktor.

For at eiendomsskatt ikke skal kunne skrives ut på verdier som overstiger 100 % av markedsverdi, har Finansdepartementet fastsatt at kommunene skal bruke en obligatorisk reduksjonsfaktor for boliger som takseres etter den nye metoden. Formues grunnlagene skal med andre ord nedjusteres for samtlige boliger. For skatteåret 2015 settes den til 0,8. (80 % av formuesgrunnlaget).

Administrasjonen i Selje kommune har fått tilgang til Skatteetatens formuesverdier, og har med utgangspunkt i denne anslått inntektene ved en eventuell innføring av eiendomsskatt i kommunen.

Følgende eiendomsskatt er beregnet for forskjellige skattesatser, etter fratrukk av obligatorisk reduksjonsfaktor på 0,8:

2 promille:	2 150 000	(2015)
3 promille:	3 221 676	
4 promille:	4 295 568	(mulig fra 2016)
5 promille:	5 369 460	
6 Promille:	6 443 353	(mulig fra 2017)
7 promille:	7 517 245	(mulig fra 2018)

I tillegg kommer eventuell eiendomsskatt på næringseiendom, og andre anlegg i kommunen.

Kommunen står relativt fritt til å bestemme hvilke avgrensede geografiske områder som skal beskattes, og om det skal være næringseiendommer, faste eiendommer, eller begge deler. Eiendomsskatteloven § 3, regulerer hva som kan beskattes:

- a) faste eiendomar i heile kommunen, eller
- b) Faste eiendomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) Berre på verk og bruk i heile kommunen, eller
- d) Berre på verk og bruk og annan næringseiendom i heile kommunen, eller
- e) Eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) Eigedom både under bokstav b og d, eller
- g) Faste eiendomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseiendom.  
Til kommunen vert rekna sjøområde ut til grunnlinjene.

Til skattepliktige eiendommer regnes også bygninger og tomt som hører til. For oppdrettsanlegg vil flytende anlegg være med i beregningsgrunnlaget. (se § 4 for en utdypning)

### **Taksering av næringseiendom, annen eiendom, verk og bruk. Kostnader.**

Alle andre eiendommer og anlegg, enten de er til lands eller til havs, må takseres. Det må velges en sakkyndig nemd som fastsetter taksten, basert på anbefalinger fra takstmenn som eiendomsskattekontoret har engasjert. Det vil kreve både tid og ressurser og gjennomføre dette, men det bør være mulig å få det ferdig innen juni 2015, dersom arbeidet tar til så fort som praktisk mulig. Alle som kan velges til kommunestyret, kan også velges til nemdene. Medlemmer av formannskapet kan imidlertid ikke velges inn i en eiendomsskattenemd. Sentrale tjenestemenn i kommunen kan heller ikke velges. Til å håndtere klager velger kommunestyret en klagemennd. Klager som gjelder formuesgrunnlaget til skatteetaten, skal imidlertid håndteres av skatteetaten selv .

Det bør vurderes å ha en dedikert prosjektleder, som kan koordinere arbeidet med å innføre eiendomsskatt i kommunen. Det må også påregnes kostnader til administrasjon av ordningen ift. fakturering, innkreving, klagehåndtering osv. Videre må det gjøres en opprydding i matrikkelen, som er estimert til å utgjøre ca. 1 årsverk totalt sett. Det presiseres imidlertid at arbeidet med matrikkelen

pågår også i dag, og dette er en jobb som må gjøres uavhengig av en eventuell innføring av eiendomsskatt. Det er plan- og utvikling som har ansvaret for dette arbeidet.

## **Saksgang**

Endelig vedtak i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. Selje kommune vedtar å innføre eiendomsskatt med hjemmel i lov om eiendomsskatt § 2, for skatteåret 2015.
2. I medhold av eiendomsskatteloven § 3, skal følgende utskrivningsalternativ benyttes for skatteåret 2015: A) Faste eiendommer i hele kommunen.
3. Eiendomskattesatsen er 2 promille.
4. I medhold av eiendomsskatteloven § 7 kan kommunestyret ta stilling til hvilke eiendommer som eventuelt skal få fritak for eiendomsskatt, etter skriftlig søknad.
5. Eiendomsskatten skal betales i to terminer.
6. Administrasjonen skal utarbeide retningslinjer for eiendomsskattekontoret og eiendomsskattevedtekter for selje kommune, og fremlegge dette for kommunestyret så snart som praktisk mulig. Videre skal administrasjonen gjøre avtaler med takstmenn som skal bistå i det praktiske arbeidet med takseringen av eiendomsmassen i Selje kommune.
7. Valg til sakkyndig nemd og valg til klagenemd må foretas i kommunestyret, men er ikke nødvendig i forhold til en prinsipiell avgjørelse om innføring av eiendomsskatt.

### **Handsaming i Formannskapet - 16.10.2014**

7 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 3 røyster for 4 mot.

#### **FS-083/14 FRAMLEGG**

Formannskapet stemmer mot tilråding frå administrasjonen.. .

### **Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

Brev frå Stadlandet Bedriftsforening v/Anfinn Sjøstad, dat. 05.11.14 vart delt ut i møtet.



**Framlegg frå KRF:**

Som tilrådinga frå administrasjonen med dette tillegget:

Ein del av inntekta frå eigedomsskatten skal kvart år øyremerkast utviklingstiltak i kommunen.

Første året skal øyremerka midlar gå til ferdigstilling av kommuneplanen.

**Røysting:**

Framlegg frå KRF fekk 8 røyster for og 9 røyster mot.

Framlegg frå Formannskapet fekk 9 røyster for og 8 røyster mot.

**KS-061/14 VEDTAK**

Formannskapet stemmer mot tilråding frå administrasjonen.

Utskrift til:

Rådmann

Revisor



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	16.10.2014	080/14
Kommunestyret	05.11.2014	062/14

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Geir Kvisten	FE-151	14/438

## Budsjett 2015 - foreløpige tall

### Vedlegg

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
15.10.2014	Foreløpige tall budsjettskjema 1A formannskapet.pdf	59906
05.11.2014	Budsjettskjema 1A - driftsbudsjettet.xlsx	60301
05.11.2014	Budsjettskjema 1B Driftsbudsjett.pdf	60337

### Saka gjeld

Statsbudsjettet blir fremlagt 8 oktober, og danner grunnlaget for prognosen over rammetilskudd og skatteinntang for Selje kommune i 2015.

Siden formannskapsmøtet har blitt fremskyndet en uke, vil foreløpig budsjettskjema bli ettersendt, eller fremlagt i møtet den 16.10. Det såkalte budsjettskjema 1A, viser inntektsiden til kommunen, korrigert for finansposter og avsetninger, og er i henhold til oppsettet som fremgår av forskrift om årsbudsjett for kommuner og fylkeskommuner.

### Saksgang

Vedtak i Kommunestyret.

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Budsjettskjemaet tas til orientering, og som et grunnlag for videre budsjettarbeid.

### Handsaming i Formannskapet - 16.10.2014

7 voterande

**Framlegg frå ordførar til plan for budsjettarbeid 2015:**

03.11.14: Formannskapet 1. handsaming

13.11.14: Driftsutvalet (fordeling rammer)

26.11.14: Formannskapet 2. handsaming (offentleg ettersyn)

15.12.14: Kommunestyret

Vedlegg «Budsjettskjema 1A» var sendt medlemmane pr. e-post /delt ut i møtet.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-080/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

**Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

Oppdatert Budsjettskjema A og B v/økonomisjefen var gjort kjent for medlemmane 03.11.14.

**Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

**KS-062/14 VEDTAK**

Budsjettskjemaet tas til orientering, og som et grunnlag for vidare budsjettarbeid.

Samrøystes.

Utskrift til:

Rådmann

Revisor



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.10.2014	079/14
Kommunestyret	05.11.2014	063/14

<b>Sakshandsamar</b> Reidar Sandviknes	<b>Arkiv</b> FA-P00	<b>Arkivsak</b> 13/651
---	------------------------	---------------------------

## Nordfjord Havn IKS - Endring av vedtekter

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
11	I	27.05.2014	Nordfjord Havn IKS	Søknad om utvidelse av Nordfjord Havn IKS låneramme
13	I	30.06.2014	Nordfjord havn	Nordfjord Havn IKS - Årsrapport 2013
14	I	29.09.2014	Stryn kommune	Stryn kommune - sak KS 50/14 - Nordfjord Havn IKS - Endring i vedtekt
16	I	21.10.2014	Gloppen kommune	Gloppen kommune - Godkjenning av utvida låneramma til Nordfjord Havn IKS

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.06.2014	VS: SØKNAD OM UTVIDELSE AV NORDFJORD HAVN IKS LÅNERAMME	56460

### Saka gjeld

Nordfjord Hamn IKS ber om at eigarkommunane endrar låneramma som dei står som garantist for i høve eigardel. Det vert foreslått å gå vekk i frå eit fast beløp og i staden garantere for ei låneramme basert på utviklinga i omsetning.

### Opplysningar til saka

I eksisterande vedtekter garanterer eigarkommunane for ei låneramme; i utgangspunktet 90 mill.kroner, som er indeksregulert sidan 2002 og er no 111 mill. Dagens låneopptak er på ca.

95 mill. Dei eksisterande vedtektene tek berre omsyn til konsumprisindeksen; ikkje til at utbyggingar og auka omsetning vil ha innverknad på det økonomiske handlingsrommet som administrasjon, styre og hamneråd har til rådvelde. Det som blei vedteke i 2001/2002 utgjorde ca. 10 gonger omsetninga, men i dag tilsvare dette berre 6 gonger omsetninga.

Det er derfor ønskeleg at låneramma vert knytt opp i mot 10 gonger gjennomsnittleg omsetning siste 3 år. På denne måten vil ein kunne tilpasse låneramma auka aktivitet utan å måtte gå på eigarkommunane for nye prosjekt.

Nordfjord Havn føreslår følgjande § 6-4 Havnekassens forvaltning, låneopptak og garantistillelse:

«Innafor dei økonomiske rammer og økonomiplanen som er vedteken av hamnerådet, avgjer hamnestyret korleis hamnekassa sine midlar skal forvaltast, og tek avgjerd om plassering av midlane, samt om utleige og eventuelt feste av eigedomar NH eig eller disponera.

Lånegjeld til investeringar i samsvar med økonomiplan og økonomiske rammer fastsett av hamnerådet, vert gjort vedtak om av hamnestyret. Dei samarbeidande kommunane gjev hamnestyret fullmakt til å ta opp lån til kapitalformål, likviditetsformål og refinansiering innafor ei samla låneramme som er 10 gonger gjennomsnittleg omsetning rekna av dei 3 siste åra. Vedtak om opptak av lån skal godkjennast av Fylkesmannen i medhald av § 22 i Lov om Interkommunale selskaper av 1999.01.29

Etter hamnerådet sine nærare vedtak kan hamnestyret stå føre pantsetjing og avhending av hamnekassa sine eigedomar og innretningar.

Hamnevesenet kan ikkje stille garanti eller pantsette sine eigendelar til sikring av andre sine økonomiske ansvar. Hamnevesenet kan ikkje sjølv låne ut pengar.

Dersom det vert kravd stilt garanti frå dei samarbeidande kommunar, må dette vedtakast av dei respektive kommunestyra. Den einskilde kommune garanterer i slike tilfelle for ein del av lånet som svarer til kommunen sin eigardel.»

Forslaget inneber at ein tek bort ifrå vedtektene § 6-4:

«Låneramma skal indeksregulerast kvart år i samsvar med SSB sin konsumindeks og avundast til nærmaste 10.000- kr»

Til fordel for:

«Selskapets låneramme aukast til ti gonger gjennomsnittleg omsetning av siste tre års rekneskap»

Omsetninga 3 siste åra har vore:

2011 Kr. 14,9 mill.

2012 Kr. 16,8 mill.

2013 Kr 17,2 mill.

Dette vil gje ei låneramme på 163 mill. Nordfjord Havn låner til same vilkår som m.a. kommunane i Kommunalbanken.

I medhald til vedtekter § 8-3, føreset endringa likelydande vedtak i alle eigarkommunane. Dei andre eigarkommunane er Vågsøy med 48 % eigaradel, Gloppen, Eid og Stryn med tilsvarende eigardel som Selje, 13 %.

## **Sakshandsamar si vurdering**

Selje kommune har ein eigardel på 13 % av Nordfjord Hamn IKS.

Gjennom kommunen sin 13 % eigardel i Nordfjord Havn IKS, heftar kommunen, i følge lov om interkommunale selskap, for ein tilsvarende del av selskapet sine plikter. Selskapet sine kreditorar må først gjere sitt krav gjeldande overfor selskapet..

Gjennom eigardelen og garantiansvar på 13 % vil Selje kommune sitt ansvar auke til 13 % av 163 mill (mot tidlegare 13 % av 111 mill), dvs. eit garantiansvar på kr. 21.190.000,-.

På grunn av auka aktivitet og inntekter som konsekvens av investeringar er det naturleg å auke låneramma til ei ramme som er skissert på 10 gonger inntekta gjennomsnittleg omsetning rekna av dei 3 siste år (2011-2013). Dette vil både bidra til vidare vekst og sikre ei grense mot kva selskapet vil kunne forsvare økonomisk. Årsrapporten for 2013 viser eit godt resultat og selskapet har hatt god utvikling.

- ✓ Selje kommune er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og nye forpliktingar må vurderast nøye- også når det gjeld garantiar i interkommunale selskap. Med dette som utgangspunkt , bør Selje kommune seie nei til auka garantiansvar.
- ✓ På den andre sida er Nordfjord Havn ein viktig arena for utvikling av framtidige hamne /kaiområder i kommunen., jfr. planar om fleirbrukskai på Stadlandet m.m. Dette talar for at kommunen bør bidra til at selskapet vert økonomisk styrka i tråd med søknad om utvida låneramme.

Selje kommune er meldt inn i Robek -systemet og eventuelle nye forpliktingar må godkjennast av Fylkesmannen.

## **Lover/regelverk**

Kommunelova

Lov om interkommunale selskaper

Økonomireglement

## **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune godkjenner for sin del at låneramma blir endra til 10 gonger omsetninga dei siste 3 år, 163 mill. kroner. Opptak av lån skal godkjennast av Fylkesmannen i medhald av § 22 i Lov om Interkommunale selskaper av 1999.01.29.

Selje kommune er innmeldt i Robek systemet og tek atterhald om Fylkesmannen sin godkjenning av nye økonomiske forpliktingar.

Endring i vedtektene § 6-4:

«Låneramma skal indeksregulerast kvart år i samsvar med SSB sin konsumindeks og avundast til nærmaste 10.000- kr»

Blir erstatta med:

«Selskapets låneramme aukast til ti gonger gjennomsnittleg omsetning av siste tre års rekneskap».

### **Handsaming i Formannskapet - 16.10.2014**

7 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

#### **FS-079/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

### **Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

#### **Vurdering av habilitet**

Ottar Nygård som medlem av hamnerådet – vurdert etter Fvl. §6, 2.ledd (fremja saka på vegne av Nordfj. Hamn IKS). Gjekk frå under votering.

Magny H. Myklebust som styremedlem, gjekk frå møtet - inhabil etter Fvl. §6, 1e.

Ottar Nygård vart vurdert inhabil. Samrøystes

15 voterande

#### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 15 røyster for. Samrøystes.

Etter røysting tok Ottar Nygård og Magny H. Myklbust plass i møtet att.

#### **KS-063/14 VEDTAK**

Selje kommune godkjenner for sin del at låneramma blir endra til 10 gangar omsetninga dei siste 3 år, 163 mill. kroner. Opptak av lån skal godkjennast av Fylkesmannen i medhald av § 22 i Lov om Interkommunale selskaper av 1999.01.29.

Selje kommune er innmeldt i Robek systemet og tek atterhald om Fylkesmannen sin godkjenning av nye økonomiske forpliktingar.

Endring i vedtektene § 6-4:

«Låneramma skal indeksregulerast kvart år i samsvar med SSB sin konsumindeks og avundast til nærmaste 10.000- kr»

Blir erstatta med:

«Selskapets låneramme aukast til ti gonger gjennomsnittleg omsetning av siste tre års rekneskap».

Samrøystes.

Utskrift til:  
Nordfjord Hamn IKS  
Rådmann  
Revisor





# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	16.10.2014	077/14
Kommunestyret	05.11.2014	064/14

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Merete Nerland	FE-614	14/494

## Ytre Stad skule og barnehage - Overdraging til Ytre Stad grendalag

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	S	13.02.2014		Økonomisk omstilling Selje kommune - Budsjett 2014
1	I	01.09.2014	Arkiv	Historikk - Overtaking skulebygg 2001
4	I	13.10.2014	Ytre Stad grendalag	Resyme - Bygging av Ytre Stadlandet Grendaskule i 1999
5	I	04.11.2014	Stad Bygdehus	Vedlegg til sak KS 064/14 i Kommunestyret 05.11.14

### Vedlegg i saka

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
08.10.2014	Historikk - Overtaking skulebygg 2001	59751
13.10.2014	Resyme Ytre Stadlandet Grendaskule.docx	59830
04.11.2014	Selje kommunestyre.docx	60335

### Saka gjeld

Overdraging av Ytre Stadlandet skule og barnehage til Ytre Stad grendalag.

### Opplysningar til saka

I samband med bygging av Ytre Stadlandet skule og barnehage, tok Ytre Stad grendalag opp eit lån for å dekke delar av byggjekostnadane med skulen. Forhandlingsutvalet i kommunen satte opp eit forslag til betaling av renter og avdrag på lån og la dette fram for Ytre Stad grendalag i møte den 3.4.2001, sjå vedlegg. Pkt 6. i dette forslaget lød som følgjer:

*Dersom skulen skulle bli lagt ned, har bygda forkjøpsrett på same måte som dei andre krinsane i Selje kommune, dvs. kr. 1.000,- utan hefte frå kommunen.*

Den 4.4.2001 i sak PS 030/01 hadde formannskapet saka opp til handsaming, etter § 13 i kommunelova (hasteparagrafen), sjå vedlegg. I formannskapets vedtak vart det gjort endring i pkt. 6 i «avtala». Nytt pkt. 6 lød som følgjer:

*Dersom skulen skulle bli lagt ned, har bygda forkjøpsrett.*

Formannskapets vedtak vart lagt fram for kommunestyret den 26.4.2001 som referatsak 1.

Den 27.2.2014 i sak KS 011/14 gjorde kommunestyret vedtak om å leggje ned Ytre Stadlandet skule frå 1.8.2014.

13.5.2014 hadde forhandlingsutvalet ved ordførar, kommunalsjef oppvekst og tenesteleiar eigedom, møte med representantar for Ytre Stad grendalag. På dette møtet vart det semje om at grendalaget skulle overta driftsutgiftene på bygget frå og med 1.9.2014 og Selje kommune skulle overta gjenværande lån frå og med same dag, jfr. pkt. 2 i avtalen.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Grendalaget har pr. dags dato overteke straum og kommunale avgifter og kommunen har overteke restlånet som grendalaget hadde. Kommunen har enda forsikring på bygget, då det pr. dags dato ikkje er skrevet skøyte og grendalaget ikkje offisielt har overteke bygget. Før eit skøyte kan skrivast må Selje kommune ta stilling til kva som ligg i pkt. 6 i avtala «*Dersom skulen vert lagt ned har bygda forkjøpsrett*».

Betyr dette at bygda bør betale marknadspris for bygget (marknadsprisen på eit slik bygg kan ifølgje takstmann bli svært låg), eller skal bygda få overta bygget på lik linje med dei andre krinsane i Selje kommune som har fått overteke sine grendaskuler for kr. 1.000,- ?

Kommunen hadde møte (10.10.2014) med representantar frå grendalaget og tilbakemeldingar derifrå er at dei har forholdt seg til - og gått ut i frå - at dei skal handsamast på lik linje med dei andre nedlagde skulane. Særleg tungtvegande er eigeninnsatsen som til saman er på over 2 millionar i form av direkte tilskot, nedbetaling av lån og verdi på dugnadsinnsats. I tillegg kjem anna yting frå bygda etter ferdigstilling av bygget, sjå vedlegg frå Ytre Stad grendalag datert 13.10.2014.

Selje kommune har stått for driftsutgiftene på bygget og arbeidet med forvaltning, drift og vedlikehald. Arbeidet med utleige av bygget og inntektene frå utleiga har grendalaget teke seg av.

I kommunestyret den 18.11.1998 sak PS 085/98 og 20.12.2001 sak PS 118/00, blei det gjort vedtak om å selje Moldestad skule, Kjøde skule, Stokkevåg skule, Nordstranda skule, Honningsvåg skule og Hoddevik skule, til dei ulike bygdelag. Vedtaket lød som følgjer:

*Bygdelag som ønskjer å kjøpe nedlagde skulebygg får dette tilbodet:*

1. *Pris vert 1.000,-*
2. *Før overtaking kan finne stad må det verte oppretta eit husstyre med leiar*
3. *Dersom krinsen seinare ønskjer å selje bygget, skal Selje kommune ha fortrinnsrett til kjøp for den same summen, indeksregulert, og med tillegg for taksert verdi av eventuelle utbetringar. (Dette punktet vart teken vekk i vedtak i kommunestyresak PS 118/00).*
4. *Ein teknisk tilstandsrapport skal lagast før overtaking*

5. *Frist for å ta stilling til tilbudet vert sett til 1. januar 1999.*
6. *Bygg som ikkje blir kjøpt av krinsane blir selt til høgstbydande etter takst.*

Alle skulane blei i tur og orden overteke av bygdelaga i dei respektive bygdene.

Skulen i Honningsvåg vart bygd i 1977. Då vedtak, om sal av bygget til bygdelaget for kr. 1.000,- , vart gjort, i år 2000, var bygget 23 år gammalt. Skulebygget på Ytre Stadlandet er pr. dags dato 15 år gammalt.

Ytre Stad bygdelag har nytta Ytre Stadlandet skule som «grendahus» sida den vart bygd i 1999. Det er ikkje noko anna bygg i bygda som er tilgjengeleg til slikt føremål. Bygdelaget har vore med å bidrege med dugnadsinnsats og lån. Dei bør difor få tilbod om å overta bygget på lik linje med dei andre bygdane.

### **Konklusjon**

Ytre Stad grendalag har lagt ned mykje arbeid og pengar for at den nye skulen på Ytre Stadlandet skulle bli ein realitet, jfr. avtale mellom Ytre Stad grendalag og Selje kommune pkt. 2 og 3. Ytre Stad grendalag har bidrege med nedbetaling av lån og stor dugnadsinnsats og har rekna med at dei skal handsamast på lik linje med dei andre bygdene der grendaskular av eldre og nyare dato har vorte lagt ned.

Ytre Stad grendalag bør få tilbod om å overta Ytre Stadlandet skule og barnehage for kr. 1.000,- på lik linje med dei andre bygdane.

Dersom grendalaget ønskjer å overta bygget til oppgitt pris, får eigedomsavdelinga i oppdrag å utferdige skøyte og få det tinglyst. Kostnader med dokumentavgift og tinglysing av skøyte, må berast av Ytre Stad grendalag.

### **Saksgang**

Formannskapet kjem med tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune gjev med dette Ytre Stad grendalag tilbod om å overta Ytre Stadlandet skule og barnehage for kr. 1.000,- Frist for å ta stilling til tilbudet vert sett til 1. desember 2014. Dersom grendalaget ønskjer å overta bygget til oppgitt pris, får eigedomsavdelinga i oppdrag å utferdige skøyte og få det tinglyst. Kostnader med dokumentavgift og tinglysing av skøyte, må berast av Ytre Stad grendalag.

### **Handsaming i Formannskapet - 16.10.2014**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-077/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

**Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

Brev frå Stad Bygdehus v/Jan Petter Hoddevik, dat. 31.10.14 vart delt ut i møtet.

**Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

**KS-064/14 VEDTAK**

Selje kommune gjev med dette Ytre Stad grendalag tilbod om å overta Ytre Stadlandet skule og barnehage for kr. 1.000,- Frist for å ta stilling til tilbodet vert sett til 1. desember 2014. Dersom grendalaget ønskjer å overta bygget til oppgitt pris, får eigedomsavdelinga i oppdrag å utferdige skøyte og få det tinglyst. Kostnader med dokumentavgift og tinglysing av skøyte, må berast av Ytre Stad grendalag.

Samrøystes.

Utskrift til:

Stad Bygdehus

Revisor



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	03.11.2014	090/14
Kommunestyret	05.11.2014	065/14

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>Arkivsak</b>
Reidar Sandviknes	FA-N60	13/380

## Breibandutbygging i Borgundvåg

### Dokumentliste

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottaker</b>	<b>Tittel</b>
7	I	07.01.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Ny tilskotsordning til breibandutbygging 2014
8	I	24.02.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Statusrapportering for breibandutbygging i Selje kommune
10	I	25.03.2014	Geir Liavåg Strand	Breibandutbygging i Selje kommune 2014 - Kart / Bygg
11	U	28.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad om utsetjing - Statusrapportering for breibandutbygging i Selje kommune
16	U	30.04.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Plan for omdisponert bruk av tildelte breibandmidlar
15	U	30.04.2014	Post og teletilsynet	Dekningskart for breiband
14	U	30.04.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Plan for omdisponert bruk av tildelte breibandsmidlar
13	I	30.04.2014	Post og Teletilsynet	Kunngjøring av søknad
12	I	30.04.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Påminning - søknad om støtte til breibandutbygging
17	I	06.05.2014	Post og teletilsynet	Dekningskart for breiband
18	I	12.05.2014	Tone Teigen	Høyringsuttale breibandsutbygging
19	I	16.05.2014	Geir Liavåg Strand	Utkast til søknad
22	I	19.05.2014	Eid Kommune	Utkast til søknad
21	I	19.05.2014	Ben Magne Stokland	Høyringsuttale breibandsutbygging
20	I	19.05.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Breibandutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2014 - Søknadsskjema
23	N	21.05.2014	Åse Elin Hole	Vdk. Søknad breiband
25	I	21.05.2014	Eid Kommune	Utkast til søknad
24	I	23.05.2014	Geir Liavåg Strand	Oppsummering frå møtet om breibandsøknader

27	I	26.05.2014	Willy Nordpoll	Innspel breibandsutbygging
26	I	26.05.2014	Willy Nordpoll	Høyringsuttale breibandutbygging og søknad på breibandmidlar frå Nordpoll til Runderheim
28	I	27.05.2014	Eninvest AS	Høyringsuttale og Fiberprosjektering Selje kommune
29	U	28.05.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad om tilskot til breibandsutbygging
32	U	02.06.2014	Telenor	Fiberutbygging Stadlandet-Borgundvåg
31	I	02.06.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Svar - Søknad om omdisponering av breibandsmidlar
30	I	02.06.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Spørsmål om tilleggsopplysningar for søknad om breibandutbygging 2014
33	I	11.06.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Breibandssøknader sendt til Post- og teletilsynet - prioritering
34	I	19.08.2014	Ben Magne Stokland	Tilkobling firberkabel Mannseidet / Kjøde
35	I	21.08.2014	Ben Magne Stokland	Spørsmål vedk. fiber - Kjøde
36	U	22.08.2014	Ben Magne Stokland	Breibandutbygging i Selje kommune
37	I	07.10.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nasjonal støtte til breibandutbygging 2014
39	U	20.10.2014	Formannskapet	Orientering - Omprioritering av breibandsmidlar - Referat i Formannskapet 16.10.14
42	I	24.10.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Tilskotsbrev - breibandutbygging i Borgundvåg og Nordfjord hamn
43	I	31.10.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Svar - Breiband - omprioritering i Selje

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.10.2014	14080907.PDF	59698

Brev frå fylkesk ommunen, dat. 07.10.2014

### Opplysningar til saka

#### Status - fiber i Selje kommune.

Nordfjordnett sin fiber går til Selje sentrum (kommunehus) med landtak Flatraket og Barmen.

Selje kommune har bygt fiber frå Selje sentrum via Moldefjorden, over til Kjøde og vidare til Leikanger, med landtak i Moldefjorden og Eide, Kjøde, Otnes, Rekvika, Otneimneset og Leikanger (endestasjon er Eldretun).

**Kommunale bygg:** Nordfjordnett sin fiber og eigen fiber knyter saman kommunale bygg. Fylgjande manglar fibertilgang i dag : Hove aktivitetssenter, Selje Eldretun, Kvia, Klokkarhagen, Selje barnehage, Kommunelageret, Turistinformasjonen, Stadlandet Legekontor og Triveli.

**Næringsliv:** Følgjande verksemdar har fiber via kommunal fiber:  
Fiskekveg AS Flatraket , Norway Pelagic AS i Moldefjorden , Ervik  
havfiske Otneimneset, industriområdet Stadlandet, verksemdar i Selje  
sentrum.

**Innbyggjarane:** Selje kommune sine innbyggjarar har liten tilgang på fiber. Flatraket  
har gjennomført eit utbyggingsprosjekt der bygda no har tilgang på  
fiber (Eninvest). Deler av Selje sentrum får no tilgang (Eninvest ).  
Borgundvåg kan få tilgang i 2015, dersom planlagt prosjekt vert  
gjennomført.

## **Status breiband – generelt.**

### **Område utan dekning:**

Berstad og Eide samt deler av Lesto. Enkelte stader er det ulik kapasitet mellom hus som ligg  
nær kvarandre. Kan gjelde enkelte hus i eit elles godt dekket område. Må nytte mobilt  
breiband.

### **Område med dårleg dekning:**

Moldefjorden nord og sørsida og vidare sørover mot Flatraket. Årvik og Honningsvåg har  
breiband via Weimax-løysing. Brukbar men ikkje fullgodt. Fiber utbygd til sentral på  
Refsnes. Fiber til sentral i Hoddevik.

Barmen sør har landtak av nordfjordfiber, men ikkje utbygd vidare; kort veg over sundet til  
Barmsund sentral. Barmen nord (Røyset) har iløpet av 2012 fått god dekning utan særskilt  
utbygging (truleg justering Telenor). Borgundvåg /hamneområde/ offentleg fiskerikar på  
nordsida av Stad. Prioritert i ny ordning med tildeling i 2014. Eltvik dårleg dekning.  
Strekninga Leikanger - Kjøde- områder med dårleg dekning.

## **TELENOR**

Telenor har følgjande sentralar med xDSL breibandsaksessar:

- Barmsund
- Hoddevik
- Kjødepollen
- Selje
- Stadlandet
- Ytre Stadlandet
- Årsheim

I kommunen er det fleire basestasjonar med 2G og 3G. Ikkje planlagt utbygging av 4G-  
stasjonar. Dei fleste i kommunen er tilknytta breiband med ADSL - løysingar via kopartråd.  
Vi har fått opplyst at Telenor har pågåande oppgraderingsløp for fleire av sine sentralar.

Etter oppgradering av sentralen vil Telenor kunne tilby mer enn 30 mbit/s til alle kunder med  
en linjelengde (lengden på kobbertraseen fra sentralen til kunden) på < 1.000 meter. Vi har  
fått opplyst at Telenor pr. d.d ikkje har konkrete planer om å tilby fiberaksessar til den enkelte  
kunde.

I K-sak 28/14, fekk rådmannen fullmakt til å søkje nye statlege midlar i 2014 til å byggje  
breiband til næringsliv og innbyggjarar

Kommunane vart tidelegare i år invitert til å søkje på midlar etter ny ordning. Selje kommune gjennomførte prosess for å registrere interesse og kartlegge områder som har dårleg dekning. Det vart ikkje tid til omfattande kartlegging og prioriteringar av områder, men vi la til grunn at Borgundvåg var eit aktuelt område å starte opp med, då her er eit næringsområde og hamn som i dag ikkje har tilgang på fiber.

I søknaden skreiv vi m.a.

*Selje kommune har lagt ut eit større industriområde i Borgundvåg, der m.a West Mek har etablert seg. Selskapet prosjekterer , teiknar og monterer installasjoner i rustfritt stål, syrefast stål og aluminium over hele nordvestlandet. Relativt stor fiskerikai / Nordfjord hamn. Området ligg i delvis satellitt skygge. Båtar i hamna ynskjer å kople seg opp i mot internett i land, men manglar kapasitet. Den dårlege dekninga er og ei beredskapsmessig utfordring.*

Post – og teletilsynet har teke over administrasjonen av tildelingane av statlege breibandsmidlar til fylke og kommunar. Fylkeskommunane hadde dette ansvaret tidlegare. Fylkeskommunen har fortsatt ansvar samla søknad frå kommunane og oppfølging etter tildeling.

I brev frå fylkeskommunen 7.10.14, til kommunane, får vi opplyst at Sogn og Fjordane fekk tildelt kr. 39 532 050 frå den nasjonale støtteordninga. Løyvinga går til 23 utbyggingsprosjekt, der Borgundvåg er eitt av desse. I tillegg vil Fylkeskommunen dette året gå inn med noko midlar frå tidlegare år.

Fylkeskommunen reknar med at det vil komme tilsvarende utlysing om midlar kvart år framover og at kommunane bør utarbeide planar for vidare utbygging i eigne bygder og grender.

Prosjektet Borgundvåg vil kunne gi fiber til bustader i bygda, næringsbygga og kaiområdet.

#### **Finansiering**

Bruttokostnad :	2 032 000	
Post og teletilsynet:		1 139 000
Fylkeskommune:		244 000
Prosjektleiing i kommune ( eigen innsats)		30 000
Selje kommune		214 000
Levrandørbidrag		405 000
Sum	2 032 000	2 032 000

Fylkeskommunen legg opp til relativt rask gjennomføring av alle prosjekta og har laga ein felles framdriftsplan for alle kommunar. Fylkeskommunen vert prosjekteigar.

#### **Kva må avklarast før utlysing av anbod i Selje kommune?**

- 27.10.2014: Informasjonsmøte i Borgundvåg:  
Registrere reell interesse frå den enkelte innbyggjar og verksemder i bygda. Korleis gjennomføre prosjektet - eventuelt dugnadsarbeid ?
- Veke 44/45: Prosjektgruppe vert etablert og kan då godkjennast i kommunestyret 5.11.
- 5.11: Kommunestyret må gjere eit forpliktande vedtak om prosjektdeltaking og finansiering av kr. 214.000. Admistrasjonen forsøker å få ekstern finansiering på



delar av kommunale eigendelen, men pr. d.d er ikkje noko avklart her.

## **Lover/regelverk**

### **Finansiering**

Statleg og kommunal finansiering.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Dette er eit prosjekt som bør gjennomførast ut i frå fylgjande argument:

- Vi kan no forlenge eigen fiber frå Leikanger til Borgundvåg (4 km)
- Fiber til innbyggjarane i Borgundvåg
- Fiber til noverande verksemdar og nyetableringar i Borgundvåg
- Beredskapsmessig tiltak – hamneområdet.
- 90 % statleg finansiering.

### **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Kommunestyret godkjenner utbygging av breiband i Borgundvåg slik det går fram i førebels prosjektplan og finansieringsplan, jfr. vedlagt brev frå fylkeskommunen dat. 07.10.2014.

Kommunestyret vedtek kommunal eigendel kr. 214.000, som vert ein del av budsjett 2015.

Endeleg prosjektplan, finansiering og val av prosjektgruppe skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning.

Det vert teke atterhald om Fylkesmannen sin godkjenning.

### **Handsaming i Formannskapet - 03.11.2014**

5 voterande

#### **Framlegg frå Formannskapet:**

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Det må leggast fram forslag til prosjektgruppe til Kommunestyret 05.11.14

#### **Røysting:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 5 røyster for. Samrøystes

### **FS-090/14 FRAMLEGG**

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Det må leggast fram forslag til prosjektgruppe til Kommunestyret 05.11.14

## **Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

### **Framlegg frå ordførar:**

Som tilrådinga frå administrasjonen m/følgjande tillegg:

Prosjektgruppe:

Svein Sande – Bygdelaget

Reidar Sandviknes – Administrasjonen

Gunn Sande - Politikar

### **Røysting:**

Framlegg frå ordførar fekk 17 røyster for. Samrøystes

Framlegg frå Formannskapet fekk 0 røyster for.

### **KS-065/14 VEDTAK**

Kommunestyret godkjenner utbygging av breiband i Borgundvåg slik det går fram i førebels prosjektplan og finansieringsplan, jfr. vedlagt brev frå fylkeskommunen dat. 07.10.2014.

Kommunestyret vedtek kommunal eigendel kr. 214.000, som vert ein del av budsjett 2015.

Endeleg prosjektplan, finansiering og val av prosjektgruppe skal leggest fram for kommunestyret til godkjenning.

Det vert teke atterhald om Fylkesmannen sin godkjenning.

Prosjektgruppe:

Svein Sande – Bygdelaget

Reidar Sandviknes – Administrasjonen

Gunn Sande - Politikar

Samrøystes.

Utskrift til:

Prosjektgruppa



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.11.2014	091/14
Kommunestyret	05.11.2014	066/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FA-N60	13/380

## Breiband - Søknad omdisponering av midlar

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	I	07.01.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Ny tilskotsordning til breibandutbygging 2014
8	I	24.02.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Statusrapportering for breibandutbygging i Selje kommune
10	I	25.03.2014	Geir Liavåg Strand	Breibandutbygging i Selje kommune 2014 - Kart / Bygg
11	U	28.03.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad om utsetjing - Statusrapportering for breibandutbygging i Selje kommune
16	U	30.04.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Plan for omdisponert bruk av tildelte breibandmidlar
15	U	30.04.2014	Post og teletilsynet	Dekningskart for breiband
14	U	30.04.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Plan for omdisponert bruk av tildelte breibandsmidlar
13	I	30.04.2014	Post og Teletilsynet	Kunngjøring av søknad
12	I	30.04.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Påminning - søknad om støtte til breibandutbygging
17	I	06.05.2014	Post og teletilsynet	Dekningskart for breiband
18	I	12.05.2014	Tone Teigen	Høyringsuttale breibandsutbygging
19	I	16.05.2014	Geir Liavåg Strand	Utkast til søknad
22	I	19.05.2014	Eid Kommune	Utkast til søknad
21	I	19.05.2014	Ben Magne Stokland	Høyringsuttale breibandsutbygging
20	I	19.05.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Breibandutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2014 - Søknadskjema
23	N	21.05.2014	Åse Elin Hole	Vdk. Søknad breiband
25	I	21.05.2014	Eid Kommune	Utkast til søknad
24	I	23.05.2014	Geir Liavåg Strand	Oppsummering frå møtet om breibandsøknader

27	I	26.05.2014	Willy Nordpoll	Innspel breibandsutbygging
26	I	26.05.2014	Willy Nordpoll	Høyringsuttale breibandutbygging og søknad på breibandmidlar frå Nordpoll til Runderheim
28	I	27.05.2014	Eninvest AS	Høyringsuttale og Fiberprosjektering Selje kommune
29	U	28.05.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Søknad om tilskot til breibandsutbygging
32	U	02.06.2014	Telenor	Fiberutbygging Stadlandet-Borgundvåg
31	I	02.06.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Svar - Søknad om omdisponering av breibandsmidlar
30	I	02.06.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Spørsmål om tilleggsopplysningar for søknad om breibandutbygging 2014
33	I	11.06.2014	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Breibandssøknader sendt til Post- og teletilsynet - prioritering
34	I	19.08.2014	Ben Magne Stokland	Tilkobling firberkabel Mannseidet / Kjøde
35	I	21.08.2014	Ben Magne Stokland	Spørsmål vedk. fiber - Kjøde
36	U	22.08.2014	Ben Magne Stokland	Breibandutbygging i Selje kommune
37	I	07.10.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nasjonal støtte til breibandutbygging 2014
39	U	20.10.2014	Formannskapet	Orientering - Omprioritering av breibandsmidlar - Referat i Formannskapet 16.10.14
42	I	24.10.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Tilskotsbrev - breibandutbygging i Borgundvåg og Nordfjord hamn
43	I	31.10.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Svar - Breiband - omprioritering i Selje

## Opplysningar til saka

### UTVIKLING

Kommunen har spreidd busetnad med relativt lange avstander, der det vil bli svært kostnadskrevjande å legge fiber på ordinær måte. Utviklinga går i retning av andre løysingar for å kunne levere høg kapasitet til flest mulig uavhengig av kvar ein bur. Det er t.d fibernoder og gjenbruk av koparlinja det siste strekket, radioløysing eller mobilt breiband.

Vidare utbygging i Selje kommune vil vere på Telenor og andre levrandørar sine premissar eller at kommunen med hjelp av Post og teletilsynet sine tilskotsordningar byggjer ut i samarbeid med aktuelle levrandørar.

Kommunen søkte på den første utlysinga etter ny ordning no i vår og fekk tildelt midlar til eit

prosjekt i Borgundvåg.

Dersom vi skal søkje nye tilskot er vi heilt avhengig av at det vert gjort eit grundig kartleggingsarbeid på behov, utfordringar og mulige løysingar i heile kommunen. Dette må forankrast i kommunestyret som igjen prioriterer tiltaka inn i økonomiplanen.

### **BREIBANDSMIDLAR I DAG**

Kommunen fekt tildelt midlar i 2008 og 2009: Kr. 800.000 til Eide og Barmen.

Vi hadde prosjekta ute på anbod, men kostnadene var så store at kommunen ikkje hadde muligheit til å gjennomføre noko av dette. I 2014 søkte vi om å omdisponere midlane og fekk godkjent kr. 287.500 til Flatraket. Fylkeskommunen ber om at kommunen kjem attende med ein ny revidert søknad for omdisponering av resten, kr. 512.500 med tidfesta utbyggingsplan til næringsliv og hustandar i tillegg til eventuelle offentlege einingar.

Vi har innhenta grovkalkyler på 2 av dei områda som i dag har dårleg dekning.

Moldefjordområdet: kr. 4,8 mill. inkl. mva. Fløde kr. 2 mill. inkl.mva

Om vi legg inn kr. 512.500 på eit av desse prosjekta, vil den kommunale eigendelen bli så stor at i vi i dag ikkje har økonomi til å finansiere dette.

Underteikna har hatt fleire samtaler med Fylkeskommunen v/ O.Skarsbø, der tilbakemeldingane er at kommunen ikkje kan få innvilga omprioritering til kommunale bygg, då dette fell utanom tildelingskriteria i 2008 og 2009.

Sakshandsamar har forståing for dette, men vil likevel hevde at framføring til nokre av dei kommunale bygga kan vere ein del av vidare utbygging til private /næringsliv, som i dag ikkje har fiber. Meiner og at det kan forsvarast då vi har løyst ut næringsbygg etter tildelingskriteria frå 2008 og 2009 på andre måtar i dag – jfr. Norway pelagic i Moldefjorden.

Har då gått gjennom lista over lokasjonar på nytt og redusert antalet slik at det som står att meir kan stette kravet i høve kriteriana 2008 og 2009.

Vil særleg peike på pkt.8 og argumentere for at det er fornuftig bruk av tildelte midlar til å lage ein god plan som grunnlag for satsingsområde i kommunen.

Nr	Kommunal eining	Pris eks mva	50 % tilskot
1	Stadlandet legekantor.	67 763	33 882
2	Triveli	43 251	21 626
3	Stadlandet barnehage	84 736	42 368
4	Selje barnehage	43 596	21 798
5	Hove aktivitetssenter	37 940	18 970
6	Eldretunet Flatraket (fiberløysing TV/parabol) – tilrettelegging for bebuarane	38 480	19 240

7	Kommunalt lager Selje	40 100	20 050
8	Planleggingsarbeid – utbygging Eide, Fløde og resten av kommunen.	60 000	30.000
	Sum		165 516

### **Saksgang**

Vedtak i Kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Kommunestyret viser til saksutgreiinga og søker Fylkeskommunen om at kr. 165.000 frå tidlegare tildelte midlar i 2008 og 2009 vert omdisponert.

### **Handsaming i Formannskapet - 03.11.2014**

5 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for. Samrøystes.

### **FS-091/14 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen.

### **Handsaming i Kommunestyret - 05.11.2014**

17 voterande

Orientering frå sakshandsamar:

Selje kommune fekk tildelt breibandsmidlar i 2008 -2009, kr. 800.000, til Eide og Barmen .

Kommunen lyste prosjekta ut på anbod, men dette kunne ikkje gjennomførast pga for høge kostnader og manglande finansiering.

Vi har søkt om omdisponering av midlane til Fiberprosjekt Flatraket og kommunale bygg (K-sak 24/14).

Fiberprosjektet Flatraket er godkjent, men Fylkeskommunen er klar på at restmidlane ikkje kan nyttast til kommunale bygg åleine Dei skreiv at ny søknad bør innhalde tidfesta

utbyggingsplan for breiband til næringsliv og husstandar i tillegg til eventuelle offentlege einingar.

I K-sak- 66/14 har eg gått gjennom lista over lokasjoner på nytt og redusert antalet slik at det som står att meir kan stette kravet i høve kriteria 2008 og 2009.

Eg har drøfta saka på nytt med fylkeskommunen og seinast i dag - og forstår det slik at det fortsatt kan vere vanskeleg å få dette godkjent dersom det ikkje er føreligg konkrete planar/avtaler om vidare utbyggjing til private /næringsliv.

I drøftingane i dag såg vi på andre muligheiter som meir stettar tildelingskriteria. Eit mulig utgangspunkt er bygging av 4G base på eit aktuelt område som har dårleg dekning og som kan gi breibandsdekning med opptil 40 Mbit/s for bustadhus og næringsliv.

Fylkeskommunen v /O. Skarsbø vil yte hjelp i ein kartlegging og «forstudie » om dette.

Konklusjonen er difor at sak 66/14 bør utsetjast.

#### **Ny tilråding frå administrasjonen:**

Saka vert utsett

#### **Røysting:**

Ny tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

#### **KS-066/14 VEDTAK**

Saka vert utsett

Samrøystes.

Utskrift til:

Fylkeskommunen v/Olav Skarsbø



# SELJE KOMMUNE

**Ikkje offentleg**  
**Off.l. § 25**

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Administrasjonsutvalet	03.11.2014	013/14
Formannskapet	03.11.2014	088/14
Kommunestyret	05.11.2014	067/14

<b>Sakshandsamar</b> Margunn Åhjem Myklebost	<b>Arkiv</b> FE-411	<b>Arkivsak</b> 14/529
---	------------------------	---------------------------

## **Tilsetjing av rådmann - 100% fast stilling**

### **KS-067/14 VEDTAK**

- 1.Selje kommune tilset Ørnulf Lillestøl i stillinga som rådmann.  
Frist for å svare på mottak av stillinga er 12.11.2014.  
Formannskapet frå fullmakt til å godkjenne løn og arbeidsavtale.
- 2.Dersom Ørnulf Lillestøl ikkje tek i mot stillinga vert Åse Elin Hole tilsett.

Utskrift til:  
Søkjarane



